

## Prinsippprogram for Studenttinget på Vestlandet



Dokumentet	Prinsippprogram
Opprinnelse	ST-1/17
Versjon	4.0
Vedtatt	ST-1/19
Implementert 05.02.2019	Jin Sigve Mæland og Bjørn Olav Østeby

### *Forkortingar:*

STVL = Studenttinget på Vestlandet

HVL = Høgskulen på Vestlandet

Saman = Studentsamskipnaden på Vestlandet

LMU = Læringsmiljøutvalet

### 1 *1 Innleiing*

2 Prinsippprogrammet fastsett STVL sine grunnprinsipp. Det er STVL sitt øvste politiske  
3 dokument, og andre politiske dokument kan ikkje strida med dette. Prinsippprogrammet vert  
4 behandla på det konstituerande møtet. Prinsippprogrammet skal skildra dei overordna  
5 politiske prioriteringane til organisasjonen. Prioriteringane skal vera tilpassa den  
6 studiekvardagen som er, og den som kjem for framtidige studentar. Fusjonen skal sjåast på  
7 som ei moglegheit, og skal føra til arbeid for betring av studentar sine rettar.

### 8 *2 Generelt*

- 9 • Staten har i samband med HVL det overordna ansvaret for utdanningstilbodet ved  
10 høgskulen.
- 11 • Staten, fylkeskommunane og kommunane i alle HVL sine nærregionar har i samband  
12 med Saman og HVL eit overordna ansvar for velferdstilbodet for høgskulens  
13 studentar.
- 14 • Saman og HVL sine tilbod skal vera eit supplement til, og ikkje ei erstatning av det  
15 offentlege velferdstilbodet.
- 16 • HVL skal tilby Noregs beste profesjonsutdanning, med bruk av teknologi, glimrende  
17 fagkunnskap og samband med arbeidslivet.

### 18 *3 Studentrepresentasjon*

- 19 • Det skal vera studentrepresentasjon i alle organ kor ein diskuterer og/eller vedtek  
20 saker som gjeld studentar.
- 21 • Det er studentane sjølv som avgjer om eit organ handsamar saker som gjeld dei.
- 22 • Høgskulen skal ikkje kunna påleggja geografisk kvotering i kollegiale organ.

23 *4 Lik rett til utdanning*

- 24 • Det er eit statleg ansvar å sørgja for at alle skal kunne byrja på, og fullføre høgare  
25 utdanning.
- 26 • Lik rett til utdanning skal gjelda uavhengig av sosioøkonomisk bakgrunn og alder, og  
27 det skal vera fokus på universell utforming.
- 28 • Gratisprinsippet ligg til grunn for høgare utdanning. Dette gjeld også for  
29 internasjonale studentar.
- 30 • Ein studietur som er obligatorisk for å ta eksamen, skal ikkje ha eigenandel.

31 *5 Studentøkonomi*

- 32 • Studiestønadene bør vere tilstrekkeleg til å dekke reelle utgifter studentane har, utan  
33 å måtte ta arbeid ved sida av studia på grunnlag av ein vanskeleg økonomisk  
34 situasjon.
- 35 • Studentar skal, gjennom Statens lånekasse for Høyere Utdanning, ha rett på  
36 økonomisk stønad for å kunna gjennomføra studium i inntil åtte år.
- 37 • Studiefinansieringsordninga skal lønna progresjon og resultat ved at store delar av  
38 lånet vert gjort om til stipend ved godkjend eksamen.
- 39 • Høgare utdanning skal, på lik linje med ordinært arbeid, gje utteljing i form av  
40 pensjonspeng.
- 41 • Studiestønadene skal vera knytt til grunnbeløpet i folketrygda (G), og skal tilsvare  
42 minimum 1,5G.
- 43 • Studiestønadene skal utbetalast over 11 månader.

44 *6 Studentbustadar*

- 45 • Studentbustadar må vera eit satsingsområde lokalt så vel som nasjonalt.
- 46 • Staten og kommunane i kvar nærregion skal, i samarbeid med Saman, arbeida for å  
47 dekkja dei lokale behova for studentbustadar.
- 48 • Saman må ta omsyn til studentmassen sine forskjellige føresetnader slik at kvar  
49 student opplever eit tilbod som er tilpassa deira behov.
- 50 • Kommunane i kvar nærregion skal i samarbeid med Saman arbeida for å nå målet om  
51 30% dekningsgrad på studentbustadar i kvar nærregion innan 2025.
- 52 • Studentbustadar skal byggjast i rimeleg nærleik til studiestadane.

53 *7 Studenthelse*

- 54 • Saman sine lågterskeltilbod som vedrørar helse og trening skal vera lett tilgjengeleg  
55 for alle studentar. Dei skal ha kort ventetid og prisar som er tilpassa studentar sin  
56 økonomi.
- 57 • Rabattert eigenandel på lege- og tannhelsetenester er ein viktig føresetnad for at  
58 studentar skal ha likt høve til å få nødvendig helsehjelp.

- 59 • Saman sine psykologhelsetenester skal vera gratis for alle studentar, og skal
- 60 maksimalt ha to veker ventetid.
- 61 • Psykisk helse er eit aktuelt tema i studiekvardagen og bør arbeidast med,
- 62 førebyggjande og informativt.
- 63 • Å leggja til rette for gode trenings- og idrettstilbod for studentar er eit viktig
- 64 førebyggjande tiltak for god helse, og skapar i tillegg ein sosial arena for studentane.
- 65 • Saman og HVL skal samarbeida for å dekkja studentane sine behov for treningslokale
- 66 i nærleiken av studiestadane.
- 67 • Treningsavgifta til Saman skal vera den same for alle studentar innanfor same
- 68 nærregion, uavhengig av studiestad.

### 69 *8 Etablering av ny institusjon*

- 70 • I etterkant av fusjonen av dei tre gamle høgskulane vil det vera ein fase kor den nye
- 71 institusjonen skal etablerast. I denne fasen skal STVL og HVL sjå til at ingen studentar
- 72 mistar rettar som følgje av samanslåinga, uansett studiestad.

### 73 *9 Samferdsel og kollektivtransport*

- 74 • Fylkeskommunane må ta ansvar for at alle studentar skal kunna dra nytte av eit breitt
- 75 og trygt kollektivtilbod med godt rabatterte prisar, uavhengig av studentar sin alder.
- 76 Dette gjeld også på nattetid og i helgene
- 77 • Det skal vera enkelt og tilgjengeleg å reisa mellom Høgskulen sine lokale i same
- 78 nærregion.
- 79 • HVL vil bidra med mange studentar til nærregionene, og dette må takast omsyn til i
- 80 arbeid med alle formar for by- og bygdeutvikling.

### 81 *10 Læringsmiljø*

- 82 • Universell utforming skal leggjast til grunn i alle delar av HVL si verksemd.
- 83 • HVL er ansvarleg for å sikra eit godt læringsmiljø for studentane ved institusjonen.
- 84 • Maksimal utnytting av tilgjengelege ressursar og areal, samt tilrettelagde
- 85 undervisnings- og vurderingsformer er essensielt for å sikra studentane ei god
- 86 studietid.
- 87 • Studentar skal ha høve til å nytte spesialrom som er relevant for gjennomføring av
- 88 studia.
- 89 • HVL skal leggja til rette for utanomfaglege aktivitetar utanfor kjernetida for å fremja
- 90 trivsel blandt studentane.
- 91 • HVL skal sørgja for at studentane ved institusjonen har tilgong på rettsleg vern
- 92 gjennom eit studentombod.
- 93 • Studentombodet skal hjelpa studentar med å finna løysingar på dei problema som
- 94 kan oppstå i eit utdanningsløp, og skal vera eit lågterskeltilbod.
- 95 • STVL og HVL skal sikra og betre samarbeidet mellom campus, og sjå til at studentar i
- 96 alle nærregionar vert ivaretekne i lik grad.

- 97 • Høgskulen skal forsikra og verna studentar mot ulykker og skadar på lik linje med  
98 arbeidstakarar.  
99 • STVL og HVL skal sørge for at 18. mai skal være eksamensfri.

#### 100 *11 Kommunikasjon*

- 101 • Informasjon om rettar, plikter og tilbod må vera godt kjend og lett tilgjengeleg for  
102 studentar og tilsette.  
103 • Eksamensreglement og andre forskrifter skal vera oversiktlege, tilgjengelege og lette  
104 å setja seg inn i for studentane.  
105 • Timeplanar, terminplanar, pensumlistar og informasjon om eksamen skal gjerast  
106 tilgjengeleg i god tid før semesterstart for alle studentar.  
107 • Eit klårt språk må leggjast til grunn for all kommunikasjon som rettar seg mot  
108 studentane for å byggja ned kommunikasjonsbarrierar og hindra misforståingar.

#### 109 *12 Studenttal*

- 110 • Talet studentar som vert tekne opp ved HVL må kontinuerleg sjåast opp mot dei  
111 faglege og strukturelle ressursane som er tilgjengelege.  
112 • Talet studentar per fagleg tilsett skal ikkje liggja over 15, og HVL skal ha som mål å få  
113 det ned til 12.  
114 • HVL skal vurdere å stagnere den stadige auka i studenttalet, om dei ser at dei  
115 samstundes ikkje kan kompensere med faglege og ressursar og fysisk plass.  
116 • HVL skal føre fråfallsstatistikk og utforme tiltak for å redusere fråfall.  
117 • Alle studentar ved HVL skal ha tilstrekkeleg plass til å gjennomføra studiet sitt.

#### 118 *13 Tilrettelegging for studentengasjement*

- 119 • HVL skal leggja til rette for organisasjonsarbeid på høgskulen.  
120 • Det skal vera samstundes undervisningsfri demokratitid for heile HVL.  
121 • Fakulteta skal prioritera, samt leggja til rette for, studentdemokratiet når det kjem til  
122 rekruttering og val av tillitsvalde.  
123 • Høgskulen har ansvaret for å driva opplæringa av fagutvala.

#### 124 *14 Rekruttering og mangfald*

- 125 • I akademia skal offentlege og formelle kvalifikasjonskrav utgjera dei viktigaste  
126 seleksjonskriteria.  
127 • Generell studiekompetanse skal vera hovudvegen inn i høgare utdanning, og  
128 karakterar skal vera den primære seleksjonsmekanismen.  
129 • Tiltaka skal som hovudregel ikkje strida med prinsippet om formell likskap.  
130 • For å hindra kjønnsforskjellar i akademia og arbeidslivet bør målretta rekruttering  
131 nyttast som eit verkemiddel.

- 132 • HVL bør nytta tiltak som kjønnskvoltering og/eller kjønnsponeng ved opptak til studium  
133 som vert sortert under kategorien kritisk ubalanse. Eit studium er i kritisk ubalanse  
134 når eitt av kjønna utgjer mindre enn 25 prosent av studenttalet i klassen.

#### 135 *15 Studietid og plass til å studera*

- 136 • Undervisning i ordinære studieløp skal ikkje skje utover 16:00.  
137 • Som hovudregel skal det ikkje vera obligatorisk oppmøte i undervisning. Det skal  
138 avklarast saman med studentane om obligatorisk oppmøte er naudsynt.  
139 • Søndagsåpne campus og døgnåpne lesesalar er naudsynt for eit godt læringsmiljø.

#### 140 *16 Forsking og utvikling i undervisning*

- 141 • Akademisk fridom skal liggja til grunn for all fagleg og forskingsrelatert verksemd.  
142 • HVL skal ikkje vera ein utdanningsinstitusjon som berre gjev opplæring i dugleikar,  
143 men også ein stad kor ein gjennom kritisk tenking basert på vitskaplege metodar  
144 fører fram samfunnsutvikling.  
145 • Vitskapleg tilsette og studentar skal fritt kunna søkja svar på dei spørsmål eller  
146 utfordringar dei ser på som viktige.  
147 • Forsking og utvikling skal danne grunnlaget for all undervisning som føregår på HVL.  
148 • Kunnskapsfronten innan emnene skal vera tema i alle kurs som vert tilbode ved HVL,  
149 og om hensiktsmessig skal forelesarar sine forskingsområde inkluderast i  
150 undervisninga.  
151 • Alle studentar ved HVL skal få ei basisinnføring i bruk av vitskaplege metodar og  
152 hjelpemiddel innanfor sitt fagområde.  
153 • Studentane skal koma teitt innpå aktive forskarar, og skal sjølv få høve til å delta  
154 aktivt i forskingsarbeidet som føregår når det er naturleg.  
155 • Studentane skal verta gjort kjende med forskning og utvikling samt høve til å forska,  
156 tidleg i sitt eige studieløp.  
157 • Studentane er sentrale i arbeidet med å finna ut kor god kvaliteten til ei kvar tid er.  
158 • Studentane skal heile tida ha høve til å koma med konstruktiv kritikk gjennom  
159 formelle og uformelle kanalar. Ein kultur der slike innspel vert sett på som noko  
160 positivt som fører institusjonen vidare, skal utviklast og førast vidare.  
161 • Formidling av forskning i samband med undervisning er viktig for at HVL skal driva  
162 forskingsbasert undervisning.  
163 • Forsking og utvikling ved HVL spelar ei viktig rolle i utviklinga av  
164 kunnskapsamfunnet, men skal ikkje gå ut over undervisningskvaliteten. Det skal  
165 heller vera eit supplement for å oppretthalda og vidareutvikla kvaliteten.

#### 166 *17 Internasjonalisering*

- 167 • HVL skal leggja til rette for mobilitet blant studentar og tilsette, både gjennom  
168 utveksling og innveksling.

- 169 • Alle utdanningar som varar i 3 år eller meir skal ha eit semester med utveksling i  
170 utdanningsplanen. Studentar skal kunne få innvilga fritak frå utveksling når det er god  
171 grunn til det.
- 172 • HVL skal sørgja for at søkjarar og studentar får tilfredsstillande informasjon om kva  
173 for høve til utveksling som faktisk eksisterer på emnene dei tek.
- 174 • HVL skal sørgja for at det opprettast retningslinjer for alle informasjonskanalar, og  
175 omsett informasjon der studentane er målgruppa.
- 176 • Alle utdanningar på høgskulen må kunna tilby heile semester på engelsk.

### 177 *18 Pedagogisk merittering*

- 178 • Høg kvalitet i undervisning skal premierast minst like godt som høg kvalitet i forskning,  
179 då dette er ein av kjerneaktivitetane til HVL. Difor er løysingar som pedagogisk  
180 merittering naudsynte for å lønna dei som driv undervisning med høg kvalitet.

### 181 *19 Sensur og grunngjeving*

- 182 • For å støtta studentane som vurderer å klaga på original sensur og for at desse skal  
183 ha så godt vurderingsgrunnlag som mogleg skal automatisk grunngjeving innførast  
184 ved HVL.
- 185 • Det skal utarbeidast felles minstekrav til kvalitet som alle grunngjevingar skal halda.
- 186 • Ved brot på lov eller forskrift i saker som vedrører studentar, kan Høgskulen påleggja  
187 aktuelle institutt mulkt som skal overførast til LMU.
- 188 • Gode sensorretteiingar skal utarbeidast i alle fag og emne.
- 189 • Blindsensur skal vere praksis ved klagesensur ved HVL.
- 190 • Høgskulen på Vestlandet skal ha løpande oversikt over frekvensen av forsinka  
191 sensur.

### 192 *20 Praksis*

- 193 • Alle studentar ved studium som inneheld praksis, har rett på praksisplass.
- 194 • Praksis ved reelle arbeidsplassar bør bli tilbode ved alle utdanningar der dette vil vere  
195 føremålstenleg for studentane. Flest mogeleg studentar bør ha moglegheit til å ha  
196 minst ein praksisperiode i utdanninga.
- 197 • Studentar som får praksisplass langt vekk frå studiestaden sin, og som må nytta  
198 mykje tid og pengar på reise og opphald, skal få dette dekkja.
- 199 • Eventuelle satsar for godtgjersle skal oppdaterast jamleg, slik at studentar ikkje vert  
200 lidande for andre utviklingar i samfunnet.
- 201 • Utbetaling av refusjon på utlegg i samband med praksis skal skje seinast 4 veker etter  
202 at utlegget er dokumentert for høgskulen.
- 203 • Studentar kan ikkje påleggjast arbeid utanfor dei fastsette rammene for praksis.  
204 Utanfor dei fastsette rammene har studentar krav på betaling for det arbeidet dei  
205 gjer.

- 206 • Så langt det lar seg gjere skal praksisplassar leggjast nær studiestaden. Studentar  
207 med tungveiiande forpliktelsar og helsemessige årsakar skal ha rett på praksisplass  
208 nær studiestaden. Studentar som enten sitter med tyngre verv i studentpolitiske  
209 organisasjonar, har barn eller venter barn i løpet av skuleåret, har fysiske eller  
210 psykiske utfordringar som krev oppfølging har rett på praksisplass nær studiestaden  
211 sin.
- 212 • Kvalitetssystemet skal sørgja for ein kontinuerleg kvalitetssikring i praksis.
- 213 • HVL skal samarbeide godt med bedrifter, institusjonar, samfunnsaktørar og andre  
214 relevante aktørar på vestlandet for å sikre studentane best mogeleg praksis.

### 215 *21 Undervisarar*

- 216 • Alle som skal driva undervisning må ha tilstrekkeleg pedagogisk, didaktisk og  
217 teknologisk kompetanse som jamleg skal oppdaterast.
- 218 • Undervisarar ved institusjonen skal driva relevant og oppdatert opplæring til  
219 profesjonen slik han er, og ikkje slik han har vore. Dette krev at undervisarane har  
220 oppdatert realerfaring frå den næringa eller den profesjonen han/ho utdannar til.

### 221 *22 Studieløp*

- 222 • Dei ulike studiestadane ved HVL skal ha høve til å setja sine særpreg på utdanningane  
223 dei tilbyr, men obligatoriske fag skal vera like innanfor same studieprogram, uansett  
224 studiestad.
- 225 • Studentar skal ikkje påleggjast å endra studiestad i løpet av studietida.

### 226 *23 Digitalisering*

- 227 • Det skal sikrast naudsynt teknologisk utstyr og kompetanse for kommunikasjon og  
228 strøyming av undervisning. All undervisning skal i hovudsak også gjerast tilgjengeleg  
229 for studentane som er oppmeld i faget på nett. Dette skal ikkje gå ut over kontakt  
230 med faglærarar.
- 231 • I alle fag og emne kor det vil vera fagleg hensiktsmessig, skal digital vurdering nyttast  
232 ved HVL. Vurdering i fag der bruk av digitale verktøy står sentralt bør gjennomførast  
233 med dei verktøya som vert nytta i utdanninga.
- 234 • Studentar som har behov for utskrift av eksamensoppgåva på digital skuleeksamen  
235 skal få det.

### 236 *24 Miljø og bærekraft*

- 237 • HVL skal ha ein bærekraftig, miljøbevisst og framtidsretta drift